

Fra: Torill M. Westervik [torill.westervik@gulen.kommune.no]

Sendt: 5. desember 2007 15:39

Til: Postmottak KD

Emne: _K21

Høyring - enring i barnehagelova. Gulen kommune.

Saknummer: 07/01283
Løpenummer: 006245/07
Arkivkode: A10 &13
Saksbehandlar: Kari Brekken

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0024/07	Hovudutval for oppvekst	04.12.2007

HØYRING - ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

Hovudutval for oppvekst har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Kunnskapsdepartementet (e-post: postmottak@kd.dep.no)

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringsbrev
- Samandrag av høyringsnotat

Ikkje utsende vedlegg:

- Høyringsnotat (<http://www.regjeringen.no/upload/KD/Hoeringsdok/2007/200705160/hoeringsnotat.pdf>)

Saksutgreiing:

Endringsframlegget omfattar følgjande tema:

- a) Rett til barnehageplass
- b) Rammefinansiering av barnehagesektoren i kommunane
- c) Kommunal finansiering av ikkje-kommunale barnehagar
- d) Lovheimel for innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren

a) *Rett til barnehageplass.*

Det vert gjort framlegg om at det skal innførast ein lovfesta rett til barnehageplass frå august 2009 for alle barn som har fylt eitt år ved oppstart. Retten gjeld eit tilbod innafor kommunegrensa, men tilbodet må vere i slik avstand frå heimen at det er reelt tilgjengeleg. I denne omgang vert det gjort framlegg om eitt hovudopptak, som gjeld oppstart i august. Det betyr at retten gjeld for barn som fyller eitt år seinast i løpet av august. For dei som fyller eitt år i september eller seinare, inntretr retten først i august året etter. Barnet vil då maksimalt kunne vere 1 år 11 mnd. før retten vert gjeldande. I høyringsnotatet vert det varsla at det kan verte aktuelt å innføre plikt til 2 hovudopptak seinare - i august og i februar. Barn som fyller eitt år i tidsrommet september til februar, vil då få rett til opptak frå februar. For Gulen kommune vil innføring av rett til plass med eitt hovudopptak, ikkje føre til vanskar. Vi har i dag plass til alle søkjarane i hovudopptaket, som har fylt eitt år innan august. Dei aller fleste får plass på den avdelinga og med det omfanget dei søker om. Nokre få vert tildelt plass på 2. prioritet, som oftast er det avdeling eller barnehage nr. 2 i skulekrinsen der dei bur. Nokre vel då å stå på venteliste på førstevalet, framfor å ta i mot plass på barnehage nr. 2. Dersom det vert innført 2 hovudopptak, vil vi framleis kunne tilby plass innafor kommunen, I nokre tilfelle kan tilbodet måtte gjevast i ein anna skulekrins enn det vert søkt om.

b) *Rammefinansiering av barnehagesektoren*

Barnehagane får i dag eit øyremerka driftstilskot frå staten, utrekna etter barnetal, opphaldstid og alder på barna. Dette tilskotet finansierer ca. 50 % av totalkostnaden med dei kommunale barnehagane. Resten vert i dag fordelt med ca. 30 % frå kommunen si ramme og ca. 20 % foreldrebetaling.

Dei private barnehagane får ein større del direkte frå staten og mindre frå kommunen. Dei skal ha tilskot frå stat og kommune på minst 85 % av det dei kommunale barnehagane får.

Framlegget går ut på å avvikle det øyremerka tilskotet etter reglar for overgangsordning, dvs. 20 % pr år i 5 år, med oppstarting i 2009.

Rammetilskotet vert tildelt kommunen ut frå objektive kriterie, som vert fastsett gjennom inntektssystemet for kommunane. For tida er dette systemet til revisjon (Sørheim-utvalet). Høyringsframlegget fastslår at rammefinansiering vil føre til omfordeling mellom kommunar. Vidare vert det fastslått at ein vil få meir effektiv bruk av offentlege ressursar når tildelinga ikkje lenger skal skje etter faktisk aktivitet. Begge desse utsegna kan gi grunn til uro for at Gulen kommune vil få mindre.

Vi har ein svært spreiddbygd kommune. Skal vi ha eit fullgodt barnehagetilbod, må tilbodet vere desentralisert. Med få innbyggjarar vil dette bety små einingar, noko som er lite effektivt i økonomisk forstand. Innretninga på dei objektive kriteria må ta omsyn til geografi og spreidd busetnad.

c) *Kommunal finansiering av ikkje-kommunale barnehagar*

Framlegget går ut på å gi kommunane plikt til å gi tilskot til private barnehagar. Dei barnehagane som er godkjende innan 2009, skal ha automatisk rett på tilskot. For barnehagar som søker godkjenning etter 2009, vert det føreslått at kommunen kan avgjere sjølve om desse skal få kommunal finansiering eller ikkje.

Høyringsnotatet drøftar kor vidt lova skal gi kommunen høve til fritt skjønn, eller om det vert krav om å gi godkjenning dersom nyetableringa ikkje medfører vesentlege ulemper for eksisterande barnehagar. Vidare vert det drøfta om det skal fastsetjast ein %-sats for tilskotet i høve til det dei kommunale barnehagane får, slik som no, eller om storleiken på tilskotet skal fastsetjast i ei kommunal forskrift

I Gulen kommune vil all ny-etablering gå ut over/ erstatte eksisterande barnehagar, med barnetal som no. Kommunen bør derfor fritt kunne avgjere om dette er ynskjeleg eller ikkje. Storleik på kommunalt tilskot bør også avgjerast lokalt. Ein fast prosentsats kan verke motsett av intensjonen om utjamning, då tilhøva og rammevilkåra for dei private barnehagane kan vere svært ulike. Kommunal plikt til å gi tilskot ut frå lokale forskrifter vil verke meir utjammende.

d) Lovheimel for innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren

Framlegget gjeld ny lovheimel for å innhente brukarane sitt fødselsnr. for vidare rapportering. Føremålet er å bruke desse til statistikk, forskning og analyse. Reglar og rutinar vil verte utarbeidd etter reglar i personopplysningslova og liknande.

Gulen kommune innhentar allereide fødselsnr. til intern bruk, og til rapportering i samband med kontantstøtte. Nye rapporteringskrav kan medføre noko meir administrativ tid, elles har det ingen konsekvensar for oss.

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune vil gi slik høyringsuttale til forslag om endring av barnehagelova:

1. Ved overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren, må kriterie for spreidd busetnad og store avstandar tilleggast stor vekt. Kommunar som Gulen må ha små einingar, dersom vi skal tilby barnehageplassar som er tilgjengeleg for alle.
2. Kommunane må få høve til fritt skjønn når det gjeld avgjer om nye barnehagar skal få kommunalt tilskot eller ikkje. Storleik på tilskotet bør fastsetjast etter lokal kommunal forskrift.

Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 04.12.2007:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.